



# Alle skal ha råd til å smile



For dei mange  
– ikkje for dei få

# Tannhelse for alle

SV vil at alle skal ha råd til å ha god tannhelse. I dag er det alt for mange som sit med høge tannlegerekningar, eller som ikkje kan ta seg råd til nødvendig tannbehandling. Èin av fem oppgir at dei unngår besøk hos tannlegen fordi det er for dyrt. For menneske med traume og tannlegeskrekk er ventetida opp mot fire år for å få starte tannbehandling.

Tennene er ein del av kroppen. SV meiner at det ikkje er nokon grunn til at tannhelse skal koste meir enn anna helsehjelp. Derfor vil vi gjennomføre ei tannhelsereform som likestiller tannhelse med anna helse. I innfasinga vil vi prioritere å styrke den offentlege tannhelsetenesta, økonomisk hjelp til dei som treng det mest – dei yngste og dei eldste.

Tannhelsereforma vår skal sikre at alle får den tannbehandlinga dei treng, utan at det kostar meir enn andre helsetenester. Det må bli slutt på den tida der ein kan sjå på tennene til folk kor tjukk lommebok dei har. Ingen skal skamme seg for å smile.

## Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

## Meld deg inn i SV!

Send SMS med  
INNMELDING <din e-post>  
<ditt namn> <adressa di>  
til 2090 (100 kroner)

